

1                   *Forslag til uttalelse frå Landsmøtet i Norges Naturvernforbund 2013*  
2                   *Forslagsstillaar: Øystein Solevåg, LaS-representant frå Møre og Romsdal*  
3                   *Fråsegnna sendast til: dei politiske partia v/partileiar*

## 4                   **Vassdragsnatur i fare**

### 5                   **To tredeler av vassdragsnaturen er allereie bygd ut. Det er** 6                   **på tide å ta vare på restane.**

7                   Kva er det som skjer med norsk natur? Vassdraga våre, sjølve symbolet på norsk natur, gode  
8                   rastepllassar, fiskepllassar, hekkepllassar, gytepllassar, spanande juv, imponerande fossestryk og  
9                   idylliske kulpark, blir år for år litt mindre fantastiske. Og det er vi sjølve, som straumkundar, som  
10                  betaler for raseringa av norsk vassdragsnatur.

11                  Ideen om «grøne sertifikat», ei støtteordning for å få etablert nye fornybare energikjelder, samla  
12                  mykje støtte når han blei lansert, også frå Naturvernforbundet. Vi treng fornybar energi når vi skal  
13                  fase ut den fossile. Problemet er at den subsidieordninga som blei etablert i Noreg i 2012 ikkje er  
14                  særleg grøn; ordninga representerer i praksis berre støtte til tradisjonell vasskraftutbygging. Og  
15                  resultata let ikkje vente på seg. 434 småkraftverk er i drift i Noreg, heile 666 småkraftverk ligg til  
16                  konsesjonsbehandling, i tillegg til om lag 300 større kraftverk. Samla vil dette føre til enorme inngrep  
17                  i sårbar norsk natur.

18                  For sjølv om kvart enkelt småkraftverk ikkje alltid har så store konsekvensar, så ser vi no stadig betre  
19                  at summen av alle utbyggingane gir store skadar. Det er ikkje berre medlemmene i  
20                  Naturvernforbundet som bør vere uroa for at over 300 trua arter i Noreg lever i ferskvatn. Når  
21                  bekkekløftane, fossesprøytsoneane og elvedelta blir borte, blir desse artane også borte.

23                  Men vi mistar meir. Motivasjonen for å bygge ut vasskraft er at ein utbyggjar skal tene pengar. Men  
24                  kva er verdien av ei levande elv gjennom ei bygd. Kan denne verdien målast i kilowatt, kroner, trivsel,  
25                  turisme eller kilo fisk, og for kven? Kven veit når nok er nok i forvaltinga av norsk natur. Har vi rett  
26                  til å forvalte all vassdragsnatur ut frå våre eigne økonomiske motiv? Har vi samvit til å ta frå  
27                  kommande generasjonar opplevinga det er å sjå ein vårflo nedover fjellsidene i fjordane våre.

28                  Om sju år er ordninga med grøne sertifikat over. Naturvernforbundet har eit håp om at neste steg i  
29                  norsk kraftpolitikk vil vere å heller satse på den krafta som ikkje blir bygd ut. Ei satsing på  
30                  energisparing eller energieffektivisering vil både spare natur, klima og lommeboka.

31                  I mellomtida må vi krevje at NVE avslår de mest kontroversielle konsesjonssøknadene som er under  
32                  behandling, dei som er på lista til Naturvernforbundet over dei mest verneverdige vassdraga i landet.

# DISSE ELVENE MÅ IKKE BYGGES NED!

Naturvernforbundet presenterer her tolv av de siste store vassdragene med store verne- og opplevelsesverdier, som alle er direkte truet av utbygging. Nå haster det! Innen få år kan disse vassdragene være utbygd, men vi har ennå en sjanse til å redde de unike elvene.

